Statens vegvesen

Norges Automobil-Forbund
Postboks 6682 Etterstad
0609 OSLO

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region vest	Ingar Hals / 57655779	15/211988-15		15.02.2016

Norges Automobil Forbund (NAF) avdeling Fjordane og Ytre Sogn og vegen vidare for Førdepakken

Vi viser til brev frå NAF avdeling Fjordane og Ytre Sogn 4. februar.

Brevet omhandlar i stor grad prioritering av tiltak i Førdepakken. Denne er gitt i stortingsvedtaket i samsvar med st. prp. 137 S (2014-15), som er heilt i samsvar med bompengesøknaden. Bompengesøknaden med prioritering av tiltak er utarbeida etter ein grundig politisk prosess i Førde kommune, nabokommunar og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Statens vegvesen som byggherre vil følgje opp stortingsvedtaket med den prioriteringa som er gitt der. Ei omprioritering i tråd med NAF sitt ønskje vil krevje ei ny runde med handsaming av saka lokalt med ein revidert bompengesøknad som må ha ny handsaming sentralt. Dette vil gi ei utsetjing av Førdepakken på fleire år.

Førdepakken slik den er utforma i tråd med lokalpolitisk handsaming vil gi betre trafikktilhøve i Førde for alle trafikantgrupper, inkl. bilistar. I tillegg til dei tiltaka NAF nemner i brevet er tiltak 5 rv. 5 Bergumkrysset eit tiltak fyrst og fremst for bilistar. Vi meiner og at tiltak som fyrst og fremst er retta mot gåande og syklande vil gi betre tilhøve for bilistar. Det vil bli eit klarare og meir definert skilje mellom mellom dei ulike trafikant-gruppene, og i fleire tilfelle vil behovet for kryssing av veg for gåande og syklande bli redusert. På sikt vil fleire av trafikantane i Førde gå og sykle, og dette vil redusere presset på vegnettet for dei som er avhengig av bil.

I vårt vidare arbeid vil vi leggje vekt på god kostnadsstyring, slik at vi får gjennomført flest mogleg av tiltaka i Førdepakken. Som ledd i dette vil vi m.a. vurdere omfang av tiltak øvst i Angedalsvegen. Vi vil og leggje vekt på god framdrift, slik at mange tiltak vil bli gjennomført før det er gått 8 år. M.a. vil vi prøve å få gjennomført både tiltak 1 (ny bru over Jølstra) og tiltak 12 (ny veg over Indre Øyrane) tidleg i perioden.

Postadresse	Telefon: 02030	Kontoradresse	Fakturaadresse
Statens vegvesen		Askedalen 4	Statens vegvesen
Region vest	firmapost@vegvesen.no	6863 LEIKANGER	Landsdekkende regnskap
Askedalen 4			
6863 LEIKANGER	Org.nr: 971032081		9815 Vadsø

Vi meiner Førdepakken slik den er gitt i stortingsvedtaket vil gi gode løysingar for alle trafikantgrupper, og vil bidra til at Førde kan utvikle seg som eit regionalt senter. Om de ønskjer meir informasjon om Førdepakken og gjennomføringa av den i møte eller liknande, så ta kontakt, vi stiller gjerne opp!

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Finden
Avdelingsdirektør

Hals Ingar

Kopi
Førde kommune, Postboks 338, 6801 FØRDE
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.